



FIRDAKRAFT AS
Sørstrandsvegen 227
6823 SANDANE

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hedda Vik Askeland, 5557 2055

Løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø ved tre lokalitetar i Ålfoten/Hundvikfjorden i Bremanger kommune for Firdakraft

Statsforvaltaren gjev Firdakraft løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø for å etablera nytt landareal. Til utfylling skal det nyttast om lag 116 000 m³ overskotsmassar frå etablering av Nye Øksnelvane kraftverk på tre ulike lokalitetar.

Utfyllinga skal ikkje skje i perioden 1. februar til 30. april av omsyn til gytefelt for torsk.

Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16.

Vi viser til søknad om løyve frå Firdakraft AS, motteken 12. april 2024, samt andre opplysningar som kom fram under handsaming av søknaden. Vi viser også til vårt løyve til utslepp frå anleggsarbeid for Nye Øksnelvane kraftverk datert 4. mars 2025.

Vedtak om løyve

Statsforvaltaren gjev løyve til Nye Øksnelvane kraftverk for utfylling av sprengsteinmassar i sjø ved gnr/bnr 113/1, 114/8, 117/27 på sørsida av Hundvikfjorden i Bremanger kommune. Løyvet er heimla i forureiningslova § 11. Løyvet er gjeve på spesifikke vilkår som er lista opp i eige vedlegg.

Statsforvaltaren har i avgjerda lagt vekt på dei forureiningsmessige ulemper ved tiltaket jamført med dei fordeler og ulemper som tiltaket dessutan vil medføre. Statsforvaltaren har regulert dei forholda som er vurdert til å ha dei mest alvorlege miljømessige konsekvensane.

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova og produktkontrolllova, med tilhøyrande forskrifter. Nokre av forskriftene er nemnde i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda, viser vi til heimesida til Miljødirektoratet www.miljodirektoratet.no.

Løyvets vilkår følger vedlagt dette brevet.



Vedtak om gebyr for sakshandsaming


Statsforvaltaren tar gebyr for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova, basert på ressursbruken i sala, jf. Forureiningsforskrifta §§ 39-3 og 39-4.

Vi varsla gebyr etter sats 6 på 38 900 kroner i vårt brev datert 12. april 2024. Miljødirektoratet har auka gebyrsatsane med verknad frå 1. januar 2025 for arbeid med løyve, og difor blir gebyret for sats 6 på kroner 45 600. Faktura vert sendt frå Miljødirektoratet. Sjå kapittel 39 i forureiningsforskrifta for meir informasjon om saksbehandlingsgebyret.

Om tiltaket

Firdakraft AS skal ruste opp Øksnelvane kraftverk ved Ålfoten i Bremanger kommune. Det skal drivast åtkomsttunnel, utløpstunnel og kraftstasjon i berghall, som vil gje eit overskot av ca. 260 000 m³ sprengsteinsmassar. Om lag 116 000 m³ / ca. 186 000 tonn av massane er planlagt å nytte til landutvidning ved tre ulike lokalitetar over ca. 23 000 m² sjøbotn(figur 1).

Namn	Volum utfylt/ tonn	Areal sjøbotn utfylt m ²	Vassdjupne før utfylling, meter
Åskåra	40 000 m ³ / 64 600	3 100	0 - 30
Lunden	60 000 m ³ / 96 000	10 000	0 - 10
Portalområde	16 000 m ³ / 26 000	10 000	0 - 5




Figur 1 Planlagde utfyllingsområder for overskotsmassar frå nye Øksnelvane kraftverk.




Bremanger kommune lovleggjorde utfylling i sjø etter plan og bygningslova ved desse tre lokalitetane med bruk av overskotsmassar frå etablering av kraftverket i vedtak¹ datert 7. januar 2025.

Utfyllinga ved Åskåra skal gje nytt landområde for eksisterande næringsbygg og har potensiale som framtidig næringsareal. Ei oversikt over utfyllingsområdet ved Åskåra med tilhøyrande areal er gitt i Figur 1.



Figur 2: Oversikt over utfyllingsområdet ved Åskåra.

Utfyllinga ved Lunden er planlagt å utvikle til friområde, etter innspel frå bygdelaget. Ei oversikt er gitt i Figur 2.




Figur 3: Oversikt over utfyllingsområdet ved Lunden.

¹ "Nye Øksnelvane kraftverk, dispensasjon frå gjeldande arealdel til kommuneplanen." 7. januar 2025 Bremanger kommune, plan og forvaltning



Utfyllinga ved Portalområdet er naudsynt for å få tilstrekkeleg areal til rigg og køyretøy i samband med anleggsverksemda. Den austre delen av arealet vil også ha nytte som vegutviding. Oversikt kan sjåast i Figur 3.




Figur 4: Oversikt over utfyllingsområdet ved portalområdet.

Utfylling er planlagt utført med tipping frå lastebil. Massane vil takast ut av Tennefjellet, som består av devonsk sandstein/konglomerat. Massane kan innehalde noko plast frå skytestrengar og tennsystem, samt finstoff av kvarts som er skarpe partiklar som har skadepotensiale for fiskegjeller og biologisk vev.

Det er ikkje utført sedimentundersøkingar i sjøbotnen ved Åskåra og Portalområdet fordi sjøbotnen i desse områda består av steinfyllingar og bratte skråningar med hardbotn.

Norconsult har utført miljøteknisk sedimentundersøking² i utfyllingsområdet ved Lunden der det er observert ein del sediment på sjøbotnen. Det vart teke tre prøver med fire prøvepunkt per stasjon. Prøvene viser at sedimenta er reina, i tilstandsklasse I og II. Sedimenta er samansett av mest sand, noko silt og TOC, samt rikeleg med små steinar og skjelfragment. Prøveprogram for miljøteknisk sedimentundersøking ved Lunden er vist i Figur 4.




Figur 5: Prøveprogram for miljøteknisk sedimentundersøking i utfyllingsområdet ved Lunden.


² Miljøteknisk sedimentundersøking ved Gjengelunden i Ålfoten, Bremanger kommune. Norconsult 27. februar 2024



Viktige naturtyper som er registrert i og nær utfyllingsområda omfattar gyteområde for torsk ved Lunden og Åskåra. Sukkertare er registrert ved Portalområdet og Lunden, og er vurdert til å ha svært viktig verdi. Leveområde for pigghå er også registrert med stor verdi ved alle lokalitetane. Det ligg låssettingsplass for brisling ved portalområdet og for sild ved Åskåra.



Figur 6 – Kart som viser naturtypane tareskog og ålegras (venstre), gytefelt kysttorsk (midten) og leveområde pigghå (høgre) ved dei tre utfyllingslokalitetane



Figur 7 – Kart som viser låssettingsplassar nær Åskåra (venstre) og Portalområdet (høgre)

Næraste akvakulturanlegg til tiltaksområda er oppdrett for blåskjel, tang og tare, ca. 3,8 km i luftlinje nordaust for "Portalområdet" (innehar Eide Fjordbruk AS).

Norconsult har utarbeidd ei konsekvensutgreiing³ for marint naturmangfold som følgje av utfyllingane basert på fleire eigne undersøkingar, bl.a. feltkartlegging utført i 2023 der fleire transekt vart undersøkt i sjøen ved Øksnelvane og Åskåra og der det vart påvist ulike marine naturtyper som ikkje var registrert i kart.

Norconsult har utført ei miljørisikovurdering⁴ basert på kjende fiskeriinteresser og viktige marine artar med forslag til avbøtande tiltak for anleggsarbeida for å redusere fare for forureining til eit akseptabelt nivå.

Planlagde avbøtande tiltak for å redusere fare for forureining i søknaden er følgjande:

³ Konsekvensutredning marint naturmangfold, Norconsult 22. februar 2024

⁴ Søknad om utfylling i sjø, Norconsult 26. februar 2024



Tiltaksområde	Avbøtande tiltak
Lunden og Åskåra	<ul style="list-style-type: none">• Alternativ 1 (utan bruk av siltgardin): Unngå utfylling i sjø i sårbar periode for kysttorsk, f.o.m. februar t.o.m. mai. eller• Alternativ 2 (med bruk av siltgardin): Bruk av siltgardin gjennom heile vassøyla med feste i botnen utanfor tiltaksområda. Ved bruk av siltgardin skal det utførast kontinuerleg online-turbiditetmålingar i maks 50 m avstand frå siltgardinene i perioden f.o.m. februar t.o.m. mai. Dette for å overvake at siltgardinene er tette og fungerer i sårbar periode for kysttorsk. Turbiditetsloggarane skal ha automatisk SMS-varsling til entreprenør og byggherre ved overskridingar av alarmverdi. Forslag til alarmverdi er bakgrunnsnivå + 10 FTU.
Portalområdet og Lunden	<ul style="list-style-type: none">• Dokumentere ev. effektar av partikkelspreiing på sukkertaren nær utfyllingsområda med ROV-film/bilder ca. 2 månadar etter at utfyllingstiltaka er ferdigstilt.
Lunden	<ul style="list-style-type: none">• Gje god informasjon til brukarar av småbåthamn og friluftslivområde om framdrifta til anleggsarbeidet, og sikre at bruken av hamna vert opprettheldt i anleggsfasen.
Alle tiltaksområder	<ul style="list-style-type: none">• Regelmessig overvake platureining i sjøoverflata og på nærliggande strender, samt fjerne og avfallshandtere det som flyt eller har drive i land.

Figur 6 Tabell i Norconsult rapport

Lunden og Åskåra alternativ med sjeté

Dersom det er praktisk mogleg, kan utfyllingsarbeidet ved Lunden og Åskåra starte med å etablere ei sjeté i ytste fyllingskant, slik at utfyllingane etterpå kan føregå innelukka innanfor sjeté. Dersom ei sjeté er på plass, vert det vurdert at utfyllingsarbeidet også kan føregå i den sårbare perioden for kysttorsk ved Lunden og Åskåra, utan bruk av siltgardin. Dette fordi sjeté vil gjere at det er minimal til ingen risiko for spreiring av partiklar og plast utanfor tiltaksområdet. Dersom sjeté er planlagt å etablere i den sårbare perioden for kysttorsk, må dette skje ved bruk av siltgardin og turbiditetsovervaking i denne perioden. Tiltak for å plukke opp plast som flyt i vassoverflata skal også skje innanfor sjeté.

Portalområdet

Det er ikkje vurdert behov for avbøtande tiltak for utfyllinga ved Portalområdet.

Undersøkingar i ettertid

Ved Lunden og Portalområdet skal det dokumenterast eventuelle effektar av partikkelspreiing på sukkertaren nær utfyllingsområda med ROV-film/bilder om lag 2 månadar etter at utfyllingstiltaka er ferdigstilt.

Forventa varigheit på arbeid med fylling i sjøen er frå vår 2025 til 2027. For å sikre god framdrift og minst mogleg transport, er det planlagt å fylle ut massane vil skje kontinuerleg imens tunneldrifta pågår. Det er førebels ukjent kva som blir rekkefølga til utfyllingsarbeidet ved dei ulike tiltaksområda, då dette vert tilpassa det som er mest praktisk for entreprenør.

Høyring

Søknaden vert sendt på høyring til Bremanger kommune, Bergens Sjøfartsmuseum, Fiskeridirektoratet, Mattilsynet, Sør-Norges Fiskarlag og Vestland fylkeskommune. Søknaden låg og ute til offentleg høyring på våre heimesider. Frist for å gje uttale var 15. mai 2024.

Firdakraft AS kommenterte uttalane i høyringsbrev datert 22. april 2024. Kommentaraner er referert i blå tekst nedanfor.

Vi fekk følgande høyringsutsegn frå Fiskeridirektoratet, Vestland fylkeskommune og Mattilsynet:



Fiskeridirektoratet (15. mai 2024)

Attgjeving av uttale:

"Det er ved Åskara registrert låssettingsplass og ved Lunden er det registrert gytefelt for torsk. For nærmere informasjon, besøk gjerne Fiskeridirektoratets kartløsning: <https://portal.fiskeridir.no/plan>.

Vi viser til vår uttalelse, datert 11.04.2024, sendt til Bremanger kommune (vår ref.: 24/3148) med Statsforvalteren i Vestland som kopimottaker. Her oppfordrer vi til å unngå å fylle ut ved de registrerte låssettingsplassene da dette potensielt kan endre egnetheten for fiskerne. Oversendt søknad tyder på at dette ikke lar seg gjøre og vi viser dermed til tabell 9 i Norconsult sin rapport vedlagt søknaden og fastslår at det ved en eventuell tillatelse for utfylling ved Åskara må opprettes dialog med både Sør-Norges Fiskarlag og Bremanger Fiskarlag.

Dersom det gis tillatelse til utfylling ved Lunden må arbeidene ikke foregå i torskens mest intense gyteperiode (februar-april).

Ved begge stedene forventer vi at best egnede avbøtende tiltak mtp partikkelspredning og at massene er rene og frie for bl.a. plast."

Firdakraft sin kommentar:

"Fiskeridirektoratet (Fdir) viser til at det ved Åskåra er ein registrert låssettingsplass, og at det ved Lunden er gytefelt for torsk. I utgangspunktet ynskjer ikkje Fdir at ein fyller ved låssettingsplass, men slår fast at ved eit evt. løyve til utfylling ved Åskåra må det opprettast dialog med både Sør-Norges Fiskarlag og Bremanger Fiskarlag. Vidare seier Fdir at utfylling i Lunden ikkje må gå føre seg i torsken sin mest intense gyteperiode (februar-april).

Firdakraft vurderer at ei avgrensa utfylling i vika aust for næringsbygget ikkje vil påverke den nærliggande låssettingsplassen permanent, men at det kan vere til ulempe om låssettingsplassen skal takast i bruk under anleggsperioden. Difor vil vi i framkant av evt. utfylling ta kontakt med dei gjeldande fiskarlaga og avklare at arbeidet ikkje kjem i konflikt med deira aktivitet. For utfylling i Lunden har vi sjølve i søknaden peika på gytetid for torsk, og at ein vil unngå utfylling i denne perioden utan omfattande avbøtande tiltak. Dette inkluderer bruk av siltgardin, evt. med etablering av sjeté i yste fyllingskant og seinare fylling innelukka av sjetéen. Denne delen skildrar i detalj vidare overvaking og oppfølging av evt. siltgardin for å hindre spreining av partiklar og plast. Alle tiltaka er implementerte i prosjektet sin miljøoppfølgingsplan og vil bli følgt nøye opp."

Vestland fylkeskommune (15. mai 2024)

Attgjeving av uttale:

"Vi syner til søknad om utfylling i Bremanger kommune som nyttiggjering av overskotsmassar frå utløpstunnel og kraftstasjon i berghall. Det skal nyttast om lag 116 000 m³ fordelt på tre lokalitetar; Lunden, Portalområde og Åskåra. Utfyllingane skal gje nytt landområde til mellom anna næringsbygg, friområde og riggområde.

Utfyllinga skal skje i vassførekomst Ålfoten (ID: 0282011600-C) og Hundvikfjorden (ID: 0282011500- C). Begge vassførekomstane har god økologisk tilstand udefinert kjemisk tilstand på grunn av datamangel. Begge vassførekomstane er registrert som at dei vil oppnå miljømåla. Fylkeskommunen minner om at det må gjerast ei vurdering av om tiltaket vil føre til negativ endring av miljøtilstand i vassførekomstane, jf. vassforskrifta § 4.



Elles vil fylkeskommunen nemne at stein er ein ressurs som bør takast vare på, og ikkje avfall som må dumpast."

Firdakraft sin kommentar:

"Vestland Fylkeskommune viser til økologisk og kjemisk tilstand for dei to vassførekomstane som er omfatta av søknaden, og at det skal gjerast ei vurdering av om tiltaket vil føre til negativ endring av miljøtilstand. Vi viser her til delen 4g. Tiltaks mål i søknaden, der fyrste delpunkt seier at «... utfyllingsarbeidet skal gjennomførast på ein slik måte at det ... ikkje er til hinder for at miljømåla for vassførekomstane vert innfridd.» Vi meiner å ha god dekning for dette målet i Konsekvensutredning marint naturmangfald - Nye Øksnelvane Kraftverk og Åskåra, som peikar på at utfyllingane representerer små areal i store samanhengande vassystem. Vi meiner vidare at dei skisserte avbøtande og oppfølgjande tiltaka styrkjer denne vurderinga.

Fylkeskommunen nemner òg at stein er ein ressurs som må takast vare på og ikkje avfall som må dumpast. Til dette vil vi påpeike at alle dei omsøkte sjøfyllingane har samfunnsnytte. Her viser vi til søknaden del 2C b) og vidare til Detaljplan for miljø og landskap for Øksnelvane kraftverk som går gjennom dei ulike tiltaka og viser til bruk under og etter utbygging. Her skildrar vi òg det omfattande arbeidet vi har lagt ned for å finne alternative bruksområde som kan løfte bruken av steinmassar opp i «ressurspyramiden». Dette er utfordrande i ei avsidesliggende bygd som Ålfoten, men om vi får gjennomført den planlagde løysinga med utskiping av masse frå leker vil vi kunne redusere omfanget av dei omsøkte tiltaka monaleg."

Mattilsynet (16. mai 2024)

Attgjeving av uttale:

"Det går fram av søknaden at det dreier seg om utfylling av steinmassar i sjø. Det er lagt ved rapportar med mellom anna konsekvensutgreiing for marint naturmangfald og kartlegging av sedimentkvalitet. Grada av påverking på fisk frå partikulært materiale er det vanskeleg å seie noko om. Det kan sjå ut som om avstand frå utfyllingsområdene er tilstrekkeleg til å unngå særleg effekt på oppdrettsfisk i dei nærmaste sjølokalitetane. Men små partiklar av masse og plast kan halde seg flytande i overflata og bli spreidde over lange avstandar og derfor er dei avbøtande tiltaka viktige. Undervassstøy vil truleg ikkje ha stor påverking med desse avstandane, men det kan oppstå sjokkbølgjer som kan ha ei viss skremmeeffekt. Tiltakshavar legg opp til fleire avbøtande tiltak i dei tre utfyllingsområdene som bruk av siltgardin, at ein unngår sårbar gyteperiode for kysttorsk, kartlegging av turbiditet i vassøyla, bruk av drone for overvaking av siltgardina, visuell overvaking av plastureining i sjø og på strand, og mindre detonasjonar ved sprenging og bruk av boblegardin for å redusere sjokkbølgjene.

Mattilsynet ventar at tiltaka tek omsyn til akvakulturverksemd i området. Dersom det skulle oppstå hendingar som kan påverke oppdrettsanlegga så må desse varslast og det må settast i verk tiltak. Utover dette har vi ikkje ytterlegare kommentarar på noverande tidspunkt."

Firdakraft sin kommentar:

"Mattilsynet viser til akvakulturanlegga i området og peikar på mogelege risikofaktorar, men òg til dei planlagde avbøtande tiltaka. I samsvar med vurderingar i KU og søknad, er deira vurdering at avstand til anlegga truleg er tilstrekkeleg til å unngå særleg effekt på oppdrettsfisk. Mattilsynet ventar at tiltaka tek omsyn til akvakulturverksemd i området, og at dersom det skulle oppstå hendingar som kan påverke oppdrettsanlegga så må desse varslast og det må settast i verk tiltak. Firdakraft støttar vurderingane i fråsegn, og rutinar for oppfølging av dette er implementert i prosjektet sin miljøoppfølgingsplan."



Rettsleg grunngeving for løyve

Forureiningslova

Etter forureiningslova § 7 må ingen sette i verk noko som kan medføre forureining utan at det er lovleg etter unntaksreglane i § 8 eller tiltaket har løyve etter § 11.

Arbeid i sjø frå land er mellombels anleggsarbeid og er som hovudregel lovleg utan løyve, jf. forureiningslova § 8 første ledd nr. 3, når forureininga frå anleggsarbeidet er "vanleg". Utfylling som bidreg til å spreie finstoff som kan påverke fiskeinteresser eller bidra til plastforureining, er ikkje vanleg forureining og tiltaket må ha løyve. Statsforvaltaren finn at utfyllingane i dette tiltaket krev løyve etter lovas § 11, med vilkår for utføring etter § 16.

Når Statsforvaltaren vurderer om det skal gjevast løyve til forureinande verksmed, og eventuelt på kva vilkår, skal vi leggje vekt på forureiningsulempene ved tiltaket haldne saman med fordelar og ulemper tiltaket elles vil kunne føre til jf. Forureiningslova § 11 siste ledd. Statsforvaltaren legg til grunn anbefalingar i Miljødirektoratets rettleiar M-350/2015 *Handtering av sediment* i vår vurdering av saka.

Naturmangfaldlova

Forvaltningsmåla i naturmangfaldslova §§ 4 og 5 ligg til grunn for Statsforvaltarens myndigheitsutøving. Videre skal prinsippa i §§ 8 til 12 om blant anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning leggjast til grunn som retningslinjer når Statsforvaltaren treffer avgjerder som rører ved naturmangfald.

Vassforskrifta

Søknader om løyve til tiltak i sjø og vassdrag skal også vurderast etter vassforskrifta. Vassforskrifta innehelder forpliktande miljømål om at myndighetene skal sørge for at alle vassførekomstar skal oppnå god kjemisk og økologisk tilstand innan 2027 med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10.

Avgrensing mot plan- og bygningslova

Statsforvaltaren kan ikkje gje løyve etter forureiningsloverket dersom dette er i strid med endelege planer etter plan- og bygningslova. Statsforvalteren legg til grunn at arealbruken er godkjend etter plan- og bygningslova ved Bremanger kommunens vedtak 7. januar 2025

Vår vurdering av søknaden

Statsforvaltaren vurderer at søknaden med tilhøyrande dokumentasjon er i samsvar med forureiningsforskriftens § 36-2, som setter krav til innhald i søknader om tillatelse etter forureiningsloven.

Statsforvaltaren meiner i hovudsak at faren for spreieing av forureining og negativ påverknad er akseptabel med dei avbøtande tiltaka som er føreslått i søknad av 12. april 2024. Dei omsøkte tiltaka er teken inn som vilkår i løyvet, samt dei endringar og presiseringar som Statsforvaltaren har bestemt. Hovudendringa er turbiditetsovervaking ved alle tre utfyllingane.

Grunngeving for valde vilkår og krav

Utfylling i sjø vil kunne medføre spreieing av partiklar som kan ha negative effektar på marine naturverdiar. Mineralpartiklar som svevar fritt i vassmassane kan medføre skade på gjellene til fisk og



det er vist at dei kan feste seg på pelagiske fiskeegg som torsk, og få egg til å søkke, noko som kan auke eggdødelegheita. Partikkeltilførsel i sjø over lengre tid vil også kunne medføre nedslamming av sjøbotn, noko som vil kunne føre til at leveområdet til botnlevande organismar vert endra eller øydelagt.

Utfyllinga på Lunden og Åskåra vil skje innafor eit lokalt viktig gytefelt⁵ for torsk. Alle tre utfyllingsområda ligg innafor leveområde for pigghå. Ved Portalområdet og Lunden er det registrert område for tareskog. Det er låssettingsplass for fisk når utfyllingsområda både ved Portalområdet og ved Åskåra.

Vi set som vilkår at alle tre utfyllingane (Lunden, Åskåra, Portalområdet) skal skje under overvaking av on-line turbiditetsmålarar med alarmgrenser for stans i arbeida på 15 NTU der målarane vert plassert maksimalt 100 meter frå utfyllingslokalitetane. Ved alle tre stadane er det ulikt marint liv som kan ta skade av spreining av suspendert stoff. Ved val av sjeté som metode fell dette vilkåret bort etter at sjetéen er etablert. Når sjetéen er etablert som ein skjermende konstruksjon kan resten av utfyllinga skje utan siltgardin/turbiditetsovervaking.

Mattilsynet og Fiskeridirektoratet skriv i sine uttaler at utfylling ved Åskåra og Lunden bør skje utanfor gyteperioden for kysttorsk, oppgeve til 1. februar til 30. april. Firdakraft skriv at dei vil forsøke å få det til. Dersom framdrifta i prosjektet medføre at utfylling skjer innafor gyteperioden så vil dei nytta siltgardiner rundt utfyllingsområda kombinert med turbiditetsmålere på utsida av gardinene med alarmgrenser på 10 NTU for stans i arbeida. Vi vurderer at det er ei løysning vi kan akseptere og opnar opp for begge alternativa gjennom vilkår, men vi set alarmgrensa for turbiditet i gyteperioden til 5 NTU. Vi legg til grunn grenseverdier for alarmgrense turbiditet gjeve i tidlegare løyve⁶ der utfylling i sjø kan skje i gytefelt og i gyteperioden, som igjen er basert på forskning og anbefalte grenseverdier⁷.

Vi opnar også opp for alternativ 3, som er etablering av ein tett sjeté rundt utfyllingsområda. Etablering av sjetéen må da skje utanfor gyteperioden og utfylling utan siltgardin/turbiditetsmåling kan da skje i gyteperioden. Firdakraft må sende oppdatert framdriftsplan og orientering om vald løysning til Statsforvaltar før oppstart.

Avstanden til næraste oppdrettsanlegg (45121 Torvneset⁸) frå den utfyllingslokaliteten som er nærast (Portalområdet) er ca. 3,6 km. Vi vurderer at ei utfylling av inntil 10 000 m³ sprengstein i sjøen ved Portalområdet med alarmgrenser for turbiditet ikkje medfører fare for negativ påverknad for oppdrettsanlegget. Vi ber likevel Firdakraft varsle oppdrettseigar når utfyllinga startar opp.

Firdakraft skal ta kontakt med Sør-Norges Fiskarlag og Bremanger Fiskarlag for å avklare bruk og kva tiltak som må setjast i verk for å ta omsyn til låssettingsplassane Yksenelva (nær Portalen) og Åskora. Statsforvaltaren set dette som vilkår i løyvet.

Firdakraft skriv at det skal dokumenterast eventuelle effektar av partikkelspreiing på sukkertare ved Lunden og Portalområdet med ROV-film/bilder om lag to månader etter tiltaka er gjennomførte. Statsforvalteren stiller seg bak dette og legg det inn som vilkår i løyvet.

⁵ Marøya N – Bmverdi C - Noe egg (1), lite tilbakeholdelse av egg (1) – gytefeltverdi 2

⁶ Løyve etter forureiningslova til deponering av overskotsmassar i Sørfjorden og Veafjorden frå bygging av Fellesprosjekt Arna-Stanghelle (FAS) for Statens vegvesen og Bane NOR. Statsforvaltaren i Vestland 15. juni 2023.

⁷ Marinbiologisk tilleggsundersøkelse i Førdefjorden. DNV GL rapport nr. 2014-1193

⁸ Eide Fjordbruk- Blåskjell, Blæretang, Butare, Fingertare, Grisentang, Rødpølse, Stortare, Sukkertare (oppdrett), Søl



Bruk av sprengsteinmassar til utfylling i sjø kan gje fare for spreining av plastavfall til sjøen. Plast bruker lang tid på å brytast ned, og det har ein negativ og uønskt påverknad på miljøet. Miljødirektoratet gjev ei tilråding i faktaark M-1085/2018 om å bruke elektroniske eller elektriske tennsystem i staden for ikkje-elektriske. Mengda plast frå elektroniske/elektriske tennsystem er 30 % lågare enn ved bruk av ikkje-elektriske tennsystem for same. Dei elektroniske/elektriske leidningane søkk ned saman med steinmassane og vil bli liggjande inne i steinfyllinga eller på botn utanfor. Ikkje-elektriske leidningar vil flyte opp. I møte 6. mars 2025 opplys Firdakraft at det skal nyttast elektroniske tennsystem ved sprenging.

Statsforvaltaren stiller generelle vilkår for å avgrense tilførsel av plastavfall til omgjevnadene.

Vurderingar etter naturmangfaldlova og vassforskrifta

Krav til kunnskapsgrunnlaget er etter vår vurdering oppfylt, jf. naturmangfaldlova § 8. Sidan vi vurderer kunnskapsgrunnlaget som tilfredsstillande, vil ikkje føre-var-prinsippet (NML § 9) kome til anvending.

Vi har teke omsyn til økosystemet og den samla belastninga (NML § 10) gjennom vurderingar som ligg til grunn for krava som er sett i vilkåra i løyvet. NML § 11 påpeiker at det er tiltakshavar som skal bære kostnadene til avbøtande tiltak.

Miljømålet i vassforskrifta er at alle vassførekomstar skal oppnå minst god økologisk og kjemisk tilstand. Ein forverring av ein vassførekomst kan ikkje tillatast mindre det er mogelegheit til å gje unntak, jf. vassforskrifta § 12.

I denne saken legger Statsforvaltaren til grunn at tiltaket vil gje ein midlertidig påverknad og at tilstanden i resipienten vil bli gjenopprettat når arbeidet stansar. Vi ser det derfor ikkje som sannsynleg at tiltaket vil kunne føre til at miljømåla ikkje vert nådde, eller at tilstanden til vassførekomsten blir forverra. Krava i vassforskrifta er difor ikkje til hinder for å gje løyve etter forureiningslova.

Konklusjon

Statsforvaltaren har handsama søknaden, og vurdert dei forureiningsmessige ulempene opp mot dei samfunnsmessige fordelane. Under føresetnad om at dei avbøtande tiltaka som er planlagde vert gjennomførte og at anlegget vert drifta i tråd med utsleppsløyvet, vurderer Statsforvaltaren at miljøforholda vil verte tilfredsstillande tatt vare på. Statsforvaltaren gir derfor løyve etter forureiningslova § 11. Statsforvaltaren tek likevel atterhald om at det kan verte kravd ytterlegare tiltak dersom det skulle vise seg nødvendig. Statsforvaltaren vil følgje opp anlegget gjennom krav om rapportering om eventuelle avvik frå reinsekrav og ved tilsyn.

Endring og omgjerung

Vi vil påpeike at all forureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Sjølv om utsleppa er innanfor dei fastsette grensene, pliktar verksemda å redusere utsleppa så langt som mogleg utan urimelege kostnader. Det same gjeld utslepp av komponentar det ikkje er satt grenser for gjennom særskilte vilkår.

Verksemda er pliktig til å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7. Viser det seg at forureiningsforholda endrar seg, kan Statsforvaltaren med heimel i forureiningslova § 18 endre vilkåra i løyvet og setje nye vilkår, og om nødvendig trekkje løyvet tilbake. Endringar skal vere basert på



skriftleg sakshandsaming og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein endringssøknad må difor sendast i god tid før ei eventuell endring kan gjennomførast.

At vi har gitt løyve til forureining fritar ikkje erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som forureininga har ført til, jf. forureiningslova § 56. I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova og produktkontrolllova med tilhøyrande forskrifter. Nokre av forskriftene er nemnde i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda viser vi til heimesida til Miljødirektoratet, www.miljodirektoratet.no. Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79.

Brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og produktkontrolllova med tilhøyrande forskrifter er òg straffbart.

Rett til å klage

Partane involvert i saka og andre med særleg interesse kan klage innan tre veker frå verksemda har mottatt dette brevet, jf. forvaltningslova § 28. I ein eventuell klage skal det gå klart fram kva klagen gjeld, og kva endringar ein ønskjer. Klagen bør vere grunngjeven og skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland. Klageinstans er Miljødirektoratet.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding, eller på eige initiativ, avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Ei slik avgjerd kan det ikkje klagast på.

De kan også klage på vedtaket om gebyrsats, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ein eventuell klage skal vere grunngitt, og han må sendast til Statsforvaltaren i Vestland innan tre veker. Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at vedtaket blir utsett. Verksemda må difor betale det fastsette gebyret. Dersom Miljødirektoratet godtar klagen, vil overskotsbeløpet verte refundert.

Med helsing

Magne Nesse
senioringeniør

Hedda Vik Askeland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg: Løyvets vilkår

Kopi til:

Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN



Løyve etter forureiningslova til utfylling i sjø ved tre lokalitetar i Ålfoten/Hundvikfjorden i Bremanger kommune for Firdakraft

Statsforvaltaren gjev Firdakraft løyve med heimel i forureiningslova § 11. Løyvet er gjeve på grunnlag av opplysningar i søknad av 12. april 2024 og andre opplysningar gitt i samband med behandling av søknaden.

Dersom de ønskjer endringar utover det som er opplyst i søknaden eller under sakshandsaminga og som kan ha miljømessig betyding, må de på førehand avklare dette skriftleg med Statsforvaltaren.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan to år skal de sende melding til Statsforvaltaren om forventa oppstart, status i prosjektet med beskriving av eventuelle endringar som endrar risiko for forureining og evt. behov for endra avbøtande tiltak. Statsforvaltaren vil då vurdere behov for eventuelle endringar i løyvet og om endring av løyvet krev ny søknadsrunde.

Data om verksemda

Bedrift	FIRDAKRAFT AS
Postadresse	Sørstrandsvegen 227, 6823 Sandane
Kommune og fylke	Bremanger, Vestland
Organisasjonsnummer/ tilhøyrer	991 060 545/ 911 647 605

Statsforvaltaren sine referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Saksnummer
2025.0198.T	4648.0105.01 Utfylling Åskåra 4648.0106.01 Utfylling Lunden 4648.0107.01 Utfylling Portalområdet	2023/5712

Løyve gitt første gong: 12. mars 2025	Endringsnummer:	Løyve sist endra:
Magne Nesse senioringeniør		Hedda Vik Askeland rådgjevar

Løyvet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Beskriving

1 Løyvet omfattar

1.1 Omfang

Løyvet gjev vilkår for å redusere forureining frå utfylling av ca. 116 000 m³ massar ved dei tre lokalitetane Åskåra, Lunden og Portalområder i Bremanger kommune. Massane er overskotsmassar for etablering av Nye Øksenelvane kraftverk.

Utfyllinga skal skje innafor dei arealavgrensingane fastsett i vedtak 7. januar 2025 "Nye Øksenelvane kraftverk, dispensasjon frå gjeldande arealdel til kommuneplanen." Bremanger kommune, plan og forvaltning.

Statsforvaltaren legg til grunn at tiltaka skal gjennomførast som nemnt i søknad av 12. april 2024 med mindre anna er avtala med Statsforvaltaren.

1.2 Varsel om oppstart

Statsforvaltaren skal varslast om oppstart av arbeidet. Varselet skal sendast minimum ei veke før oppstart av arbeida. Det kan varslast med ein e-post til sfvlpost@statsforvalteren.no.

2 Generelle vilkår

2.1 Plikt til å redusere forureining så langt som mogeleg

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa vert haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, medrekna støy, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkelege grenser for gjennom vilkår i dette løyvet.

2.2 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørje for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte.

2.3 Tiltak ved auka forureiningsfare

Dersom det oppstår fare for auka forureining skal verksemda så langt det er mogleg utan urimelege kostnader setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.

Tiltakshavar skal så snart som mogeleg informere Statsforvaltaren om unormale tilhøve som har eller kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare. Akutt forureining skal i tillegg varslast i samsvar med punkt 3.3.

2.4 Miljøriskovurdering av anleggsarbeida

Dette løyvets vilkår er basert på dei miljørisikovurderingane som er utført i samband med søknad om løyve etter forureiningslova og dei forslag til avbøtande tiltak som er omsøkte for å redusere fare for forureining til eit akseptabelt nivå.

Verksemda plikter å ha oversikt over alle aktivitetar og forhold som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. Ved endra forhold skal miljørisikovurderinga oppdaterast. Resultata skal vurderast opp mot akseptabel miljørisiko.

Med utgangspunkt i risikovurderinga skal verksemda iverksette risikoreduserande tiltak. Både sannsyn- og konsekvensreduserande tiltak skal vurderast. Tiltakshavar skal ha ein oppdatert plan over risikoreduserande tiltak, og sikre at tiltak herifrå vert innarbeida og gjennomført.

2.5 Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for å sikre og dokumentere at vilkåra i dette løyvet vert stetta. Tiltakshavar pliktar å ha oversikt over alle aktivitetar som kan medføre forureining og kunne gjere greie for risikoforhold. Tiltakshavar pliktar vidare å orientere vedkommande som skal gjennomføre tiltaka om de vilkår som gjelder, samt de restriksjonar som er lagt på arbeidet.

2.6 Erstatningsansvar

Sjølv om løyve er gitt, pliktar den som forårsakar forureining eller annan type skade å svare for erstatning som måtte følge av alminnelege erstatningsreglar.

2.7 Kulturminne i sjø

Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum gjer merksam på at tiltakshavar pliktar å gje melding til museet (marinarkeologi@museumvest.no) dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Tiltakshavar må i så fall ikkje starte opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

2.8 Sakshandsaming etter anna lovverk

Dette løyvet frittek ikkje for handsaming etter anna lovverk som er relevant i saka, til dømes hamne og farvasslova og plan- og bygningslova.

3 Internkontroll, beredskapsplan og akutt forureining

3.1 Internkontroll

Tiltakshavar pliktar å etablere internkontroll for sin verksemd i medhald til internkontrollforskrifta. Internkontrollen skal blant anna sikre og dokumentere at tiltakshavar stettar krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova¹ og andre relevante forskrifter til desse lovene. Tiltakshavar plikter å halde internkontrollen oppdatert.

Når ein tiltakshavar som oppdragsgivar engasjerer oppdragstakar (entreprenør eller liknande) til å utføre oppgåver på tiltakshavars anlegg, skal oppdragsgivar sørge for at oppdragstakar er kjent med og har internkontrollsystem i tråd med løyvets vilkår.

Tiltakshavar plikter alltid å ha oversikt over alle aktivitetar og forhold som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. På basis av miljørisikoanalyse skal tiltakshavar sette i verk miljørisikoreduserande tiltak.

¹ Produktkontrollova av 11.06.1979 nr 79

3.2 Beredskapsplan

Den ansvarlege skal sørge for å ha en nødvendig beredskap for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og avgrense påverknad av akutt forureining for si verksemd, jf. forureiningslova § 40. Beredskap skal stå i et rimeleg forhold til sannsyn for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan inntreffe. Beredskapsplikta inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og avgrense verknaden av forureininga.

Tiltakshavar skal utarbeide beredskapsplan for tiltaket. Ved endra forhold skal beredskapsplanen oppdaterast. Beredskapsplanen skal være tilgjengeleg og kjent for dei som utfører arbeid der akutte hendingar i flg. planen, kan oppstå.

3.3 Varsling om akutt forureining

Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som følge av tiltaket, skal den ansvarlege straks varsle på telefon 110, etter Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining fastsett av Miljøverndepartementet 9. juli 1992. Statsforvaltaren skal også varslast på sfvlpost@statsforvaltaren.no.

4 Vilkår for utføring av tiltak i sjø

4.1 Generelt

Tiltaka i sjø skal utførast på ein måte som minimerer spreiding av partiklar og tilslamming av vassmassane. Dersom det oppstår utilsikta forureiningssituasjonar skal arbeidet stanses og korrigerande tiltak gjennomførast.

4.2 Kontroll av utfyllingsmassar

Det er gjeve lov å nytte overskotsmassar frå etablering av Nye Øksnelvane kraftverk til utfylling i sjø. Det nyttast mest mogeleg reine massar. Det skal utarbeidast rutinar for kontroll av steinmassar før desse dumpast. Massane skal være egna for føremålet. Det skal utarbeidast rutinar for kontroll av steinmassar før desse vert fylt i sjøen. Innhald av plastrestar og anna forureining frå sprengstein skal primært ikkje hamne i sjøen.

Dersom massane til utfyllinga ikkje kjem frå Nye Øksnelvane kraftverk skal Statsforvaltaren haldast orientert om eventuelle nye leverandørar av utfyllingsmasser, der informasjon om massane vert sendt oss før utfylling skjer.

4.3 Utføring av utfylling ved Lunden, Åskåra og Portalområdet

Av omsyn til gyteperioden for kysttorsk i registrert gytefelt (Marøya) skal utfyllinga ved Lunden og Åskåra primært ikkje utførast innafor tidsperioden 1. februar til 30. april.

Dersom utfylling skjer utanom gyteperioden gjeld følgende avbøtande tiltak:

- Utfylling ved Lunden, Åskåra og Portalområdet skal overvåkes med on-line turbiditetsmålere.
- Alarmgrense: 15 NTU for stans i arbeidet.
- Plassering av turbiditetsmålarane: Maks 100 meter fra utfyllingsområda.

Dersom utfylling ved Lunden og Åskåra skjer innafor gyteperioden gjeld følgende avbøtande tiltak:

- Bruk av siltgardiner rundt utfyllingsområdene.
- Turbiditetsmålere plasseres utenfor siltgardinene.
- Alarmgrense i gyteperioden: 5 NTU for stans i arbeidet.

Vi opnar også opp for eit tredje alternativ, som er etablering av ein tett sjeté rundt utfyllingsområda. Etablering av sjetéen må da skje utanfor gyteperioden og utfylling utan siltgardin/turbiditetsmåling kan da skje i gyteperioden. . Når sjetéen er etablert som ein skjermende konstruksjon kan resten av utfyllinga skje utan siltgardin/turbiditetsovervaking.

Firdakraft må sende oppdatert framdriftsplan og orientering om vald løysning til Statsforvaltar før oppstart.

4.4 Turbiditetsmålarar

Ein eller fleire turbiditetsmålarar skal nyttast ved kvart av utfyllingsområda. Bruk av turbiditetsmålar og fastsetting av bakgrunnsverdi skal skje i samsvar med NS-9433.

Partikkelkonsentrasjonen utanfor tiltaksområda skal ikkje vere høgare enn bakgrunnsverdi + 15 NTU/FNU i ein periode på meir enn 30 minutt utanom gyteperioden 1. februar – 30. april og ikkje vere høgare enn bakgrunnsverdi + 5 NTU/FNU i ein periode på meir enn 30 minutt innafor gyteperioden.

Ved oppnådd alarmgrense skal arbeidet stogge, og dersom overskriding skyldast tiltaket, skal det utførast avbøtande tiltak. Dersom det førekjem gjentekne overskridingar av alarmgrensene skal det utførast avbøtande tiltak.

4.5 Partikkelsperre ved lokalitetane Lunden og Åskåra

Som avbøtande tiltak for å redusere fare for forureining og spreining av finstoff til vassførekomsten ved utfylling innafor gyteperioden skal det nyttast ei eller om nødvendig fleire siltgardiner. Siltgardinene skal dekke deler eller heile vassøyla på ein måte slik at grenseverdi for turbiditet blir overhalden. Det skal nyttast siltgardiner som er eigna for tilhøva ved tiltaksområdet, sjå fagrapport² frå Statens vegvesen.

Ved val av siltgardiner må straum- og vêrtilhøve, botn- og djupnetilhøva på staden leggjast til grunn for prosjektering av flytelegeme og vekt på lodd/botnfester.

Det skal førast jamleg kontroll med at siltgardinene fungerer etter hensikta. Dersom siltgardinene ikkje lenger fungerer skal dei reparerast eller bli bytta ut. Arbeid/utfylling i sjø innafor gyteperioden skal ikkje skje når siltgardinene ikkje fungerer.

4.6 Kontakt med lokale fiskarlag og oppdrettslokalitet

Firdakraft skal ta kontakt med Sør-Norges Fiskarlag og Bremanger Fiskarlag for å avklare bruk og kva tiltak som må setjast i verk for å ta omsyn til låsettingsplassane Yksenelva (nær Portalen) og Åskora.

Firdakraft skal varsle Eide Fjordbruk, eigar av oppdrettslokalitet 45121 Torvneset om oppstart utfylling ved Portalområdet.

² Siltgardiner: funksjon, tilpasning og oppfølging. Rapport nr. 205 - 2013

4.7 Overvaking av partikkelspreiing på sukkertare

Firdakraft skal dokumentere eventuelle effektar av partikkelspreiing på sukkertare med ROV-film/bildar om lag to månader etter utfyllingstiltaka er gjennomførte. Dette skal gjerast ved Lunden og Portalområdet.

4.8 Aktsemd ovanfor framande organismar

Den framande arten havnespy/japansk sjøpung (*Didemnum vexillum*) er allereie etablert fleire stader i landet. Dette er ein framand og uønskt art som formerer seg raskt og forårsakar store problem for marine miljø og næringar. Arten veks blant anna på skrog, fortøyingar, bryggjer og anna som finst i sjøen. Vestland fylke har gjennom dei siste åra registrert ein auke i observasjonar av havnespy. Havnespy er påvist ved kaiar i Haugesund, Askøy, Bergen og fleire stadar i Sogn (Florø, Måløy, Sløvåg). Arten blir spreidd via skipsfart, særleg i dei største hamnene som har besøk av utanlandske skip. Arten kan òg bli spreidd til mindre hamner via småbåtar eller festa til tauverk, blåsar og andre flyteobjekt i sjøen.

Statsforvaltaren minner om aktsemdsplikta i medhald til forskrift om framande organismar § 18. Der står det at den som set i verk tiltak som kan medføre utilsikta spreieing av framande organismar i miljøet, skal opptre aktsamt for å hindre at aktiviteten medfører uheldige følgjer for det biologiske mangfaldet. Tiltakshavar skal ha kunnskap om risikoen aktiviteten inneber, kunnskap til å treffe førebyggjande tiltak og kunnskap til å raskt avdekkje utilsikta spreieing av framande organismar. Mistanke om funn av havnespy [må meldast inn](#) og verifiserast av marinbiologisk kompetanse. Dersom havnespy blir bekrefta, [skal observasjonen rapporterast til Artsdatabanken](#), og det må setjast i verk tiltak for å unngå vidare spreieing. Slike tiltak skal skje i samsvar med [retteleing gitt av Sjøfartsdirektoratet](#).

Kontroll gjeld også til transporterte båtar og utstyr. Dersom havnespy blir oppdaga, skal Statsforvaltaren kontaktast og orienterast om kva tiltak som blir sett i verk for å overhalde aktsemdsplikta.

5 Kontroll- og overvaking

5.1 Plan for kontroll og overvaking

Det skal utarbeidast ein kontroll- og overvakingsplan for tiltaket. Planen må ha tilstrekkeleg omfang til å avdekke spreieing av forureining frå tiltaket, medrekna kontroll med spreieing av partiklar og plast. Kontroll- og overvakingsplanen skal avdekke eventuelle negative påverknader på naturmiljøet frå anleggsarbeidet.

Kontroll- og overvakingsplanen skal sikre at vilkåra i løyvet vert stetta, og planen skal utarbeidast i tråd med tilrådingane gitt i Miljødirektoratet si rettleiar³ for handtering av sediment M-350/2015. Måleutstyr, metodar, gjennomføring og analysar skal følgje norsk standard.

³ Håndtering av sediment. Miljødirektoratet M-350

6 Avfall

6.1 Generelle krav

Verksemda pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at det blir danna avfall som følgje av tiltaka. Særleg skal innhald av skadelege stoff i avfallet avgrensast mest mogeleg. Firdakraft pliktar å sjå til at all handtering av avfall, under dette gjenvinning, blir utført i samsvar med gjeldande regler fastsett i eller i medhald av forureiningslova og avfallsforskrifta.

Brukte partikkelsperrer skal leverast til lovleg mottak.

6.2 Handtering av farleg avfall

Verksemda skal handtere farleg avfall i tråd med avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall.

Farleg avfall som blir lagra i påvente av levering/henting skal lagrast slik måte at det ikkje fører til avrenning til grunn, overflatevatn eller avløpsnett. Lagra farleg avfall skal være merka og skal ikkje blandast saman med anna avfall. Lagring skal skje i tett container eller under tak på fast dekke. Lageret skal være sikra mot uvedkommande.

Farleg avfall skal leverast vidare til godkjend mottak eller behandlingsanlegg minst ein gang per år. Farleg avfall skal deklarerast på www.avfallsdeklarering.no.

6.3 Plast

Det skal gjerast tiltak for å avgrense tilførsel av plast til naturen. Det skal gjennomførast opprydding av plast og annet avfall undervegs og i etterkant av tiltaket ved tiltaksområdet og nærliggande områder. Rutinar for dette skal føreligge skriftleg. Oppsamling av eventuelt avfall i sjøen skal loggførast. Rutinar for overvaking og oppsamling av avfall i sjøen skal inngå i overvakingssplanen. Oppsamla avfall skal leverast til lovleg avfallsmottak.

Miljødirektoratet sitt faktaark M-1085 | 2018 ⁴ kan nyttast som ein rettleier.

7 Rapportering og dokumentasjon

Det skal sendast inn sluttrapport frå arbeida innan tre månader etter at anleggsarbeida er avslutta. Rapporten skal oppsummera anleggsarbeida, og skal innehalde:

- Skildring av gjennomføringa av tiltaka.
- Oversikt over uønskte hendingar, merknader og ei skildring av eventuelle avbøtande tiltak som er gjennomførte for å hindra uheldig påverknad på omgjevnadene.
- Dokumentasjon av levering av eventuelt avfall.

8 Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for Statsforvaltaren eller andre som har styresmakt, føre tilsyn med verksemda til ei kvar tid.

⁴ Problemer med plast i sjø ved utfylling av sprengstein i sjø. Miljødirektoratet M-1085/2018